



DET KONGELEGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/1250-27

06.10.2016

Kompensasjon for oppdatert kriteriet "innbyggjarar busette spreitt"

Syner til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 08.06.2016 til Hordaland fylkeskommune om innføringa av oppdatert kriteriet "innbyggjarar busette spreitt" i inntektssystemet. Departementet informerer i brevet at frå 2017 skal det nyttas oppdaterte data for kriteriet, men at endringane i busetjingskriteria er eit av fleire element som departementet vil vurdere når vi fordeler skjønssamma til fylkeskommunane.

Hordaland fylkeskommune tildelast ei skjønssamme på 62,7 millionar kroner i 2017. Dette er ein auke på 19 millionar kroner frå 2016. Auka i skjønssamma er ein kompensasjon for reduksjon i rammetilskotet ved å nytte oppdatert verdi for kriteriet "innbyggjarar busette spreitt". Kompensasjonen vil vare i eitt år.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)
underdirektør

Hanne Thonstad
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur